

IRENE NORDLI

YOU CAN'T HOLD BACK SPRING



**NASJONALMUSEET
FOR KUNST, ARKITEKTUR
OG DESIGN**



Eggevegg, detalj, 2007

Forord

I Irene Nordlis bildeverden har alt lik verdi. Her er ingen plass for snobberi eller elitetenkning. Gammelt porselen føyes sammen med nytt, og inngrodde materialhierarkier settes på hodet. Men alt er ikke rosenrødt. I flere av hennes arbeider finnes en dystopisk fremtidsvisjon med temaer som miljøødeleggelse og geneksperimentering. Isbjørnene fra Porsgrund Porselænsfabrik har mistet sin uskyld og er transformert til hybrider av dyr og mennesker. Rokokkoens idealiserende porselensansikt er blandet med ”grøss og gru” fra virkeligheten.

Nordlis arbeidsmåte og mangetydige motiver innbyr til debatt på flere plan. Hoveddelen av denne utstillingen ble produsert på Porsgrund Porselænsfabrik i 2007. Arbeidene ble vist i Porsgrunn Kunstforening under Porselensbiennalen i mai 2007. Nasjonalmuseet har videreført utstillingen, tilføyd nye verk og tilrettelagt utstillingen for vandring i gallerinettverket fra våren 2008. Utstillingen *You Can't Hold Back Spring* sendes fra Nasjonalmuseet til nettverksarrangørene med ønske om en interessant og anderledes kunstopplevelse.

Birgitte Sauge
Fungerende avdelingsleder samling og utstilling
Nasjonalmuseet

Irene Nordli

Hovudlause kroppar, døde svaner og ein kvinneliknande figur som har lagt seg beskyttande over tre egg. Dette er nokre av motiva i serien *Slagmark i porselen*. Hengt på rekke på veggen dannar dei ei forteljing. Assosiasjonane går til krig og terror og andre katastrofar som dagens nyhende er så fulle av. Svanene, som i vår vestlege kultur gjerne symboliserer reinleik, minner oss om at det alltid er mange uskuldelege liv som lir i krig. Dette er ein tanke som også kvinnefiguren som vernar eggja, les: avkommet sitt, byggjer opp under. Dramatikken er stor og formspråket ekspressivt i denne serien. Opphopinga av figurar representerer eit truande kaos. Samstundes er formatet intimt. Vi må tett på for å få auge på dei smadra kroppane. Som tittelen fortel, er det ei slagmark vi står overfor. Men tittelen leier også merksemda mot materialet: porselen. Lenge var dette eit materiale europearane berre kjende gjennom importerte gjenstandar frå Kina. Først i det 18. hundreåret fann europearane sjølve ut korleis dei kunne framstille "kvitt gull", for porselen er det finaste materialet innan keramikkk. Pyntefigurar i porselen har difor alltid vore samleobjekt, men smaken og moten skiftar, så i mange sine augo er slike porselensfigurar i dag først og fremst nips. Det er dette Irene Nordli spelar på når ho lagar figurar i porselen. Ho likar å utfordre etablerte hierarki for god og dårleg smak, kunst



Søstre, detalj, 2007



Søstre, detalj, 2007

og kitsch. Men ho spelar også på eigenskapane til porselen som materiale. Samstundes som det er hardt, er det også knuseleg og skjørt, noko som understrekar det skrøpelege og sårbare i situasjonane ho skildrar.

Porselen har difor mykje til felles med eggeskal, og kanskje har dette spela inn når Irene Nordli til utstillinga har laga ein heil installasjon med eggeformer av porselen. Støypeformene til egga er funne på Porsgrund Porselænsfabrik. Ho har gjort dei svært tiltalende og vakre, med bruk av glasurar i ulike fargetonar og ein blank overglasur som gir lysrefleksar og skin i overflata. Men ut av egga stikk ein arm, ein fot, eit skrikande ansikt, som om nytt liv er i ferd med å sprengje seg ut og fram. Egg symboliserer gjerne nytt liv, og i denne samanhengen tener installasjonen som ein motpol til *Slagmark i porselen*. I motsetning til destruksjonen og døden i sistnemnde verk, er det her skapande krefter, liv og venleik.

Arbeidsmetoden til Irene Nordli er karakteristisk for henne, og på dette området har ho nærast danna skule. Allereie som student oppsøkte ho Porsgrund Porselænsfabrik, og sidan har lageret deira av gamle støypeformer vore ei viktig kjelde. Men det er ikkje berre historiske porselensfigurar som dannar utgangspunkt for tablåa hen-

nar. Remiksinga, som ho har kalla metoden sin, innber også gjenkjennelege element frå dagens populærkultur, ikkje minst i form av actionfigurar, superheltar og anna leikety. Ho tar avstøypingar av figurane, deretter set ho dei saman på nye og overraskande måtar. Kloninga kan innebera at eit hovud frå ei dokke får dyreøyre og snute, medan andre kloningar kombinerer actionhelt-kropp og dyrehovud. Slik dannar nytt og gamalt, verdifullt og verdiløst, høgt og lågt, ein ny orden. I denne hybride verda er ikkje resultatet berre summen av delane – ut av dei uvanlege kombinasjonane oppstår ei tredje meining. Det er det som gjer montasjen så attraktiv som kunstnarleg strategi.

Irene Nordli er ikkje åleine om å fortelje om menneskelege kjensler gjennom dyreliknande personifikasjonar. Folkeeventyra og barneboklitteraturen er fulle av dyr som kler seg, opptrer og talar som menneske. Figurane hennar har såleis ikkje berre ein fot i den keramiske populærkulturen, men knyter også an til folkelege fortelleformer og teikneseriar, der det paradiske, groteske og burleske har ein sentral plass. Medvite spelar ho på ambivalensen som oppstår når materialet er forførande delikat, medan innhaldet er fråstøytande i si utlevering av menneskeleg dårskap. For kombinasjonen av dyr og





Eggevegg, detalj, 2007


menneske tener til å framheva vår andre natur; den sida av oss som ikkje høyrer til den pene fasaden, men som høyrer til våre "dyriske" sider, der vi lar oss styra av instinkt meir enn av fornuft.

Tittelen på utstillinga kunne tyda på ein viss optimisme. *You Can't Hold Back Spring* refererer til låten *You Can Never Hold Back Spring* av Tom Waits. Våren inneber alltid ei ny byrjing, og i det ligg det håp. Men også her er det malurt i begeret. For tittelen viser samstundes til ei gruppe på sju skulpturar, der motivet er ei blanding av isbjørn og jente. Assosiasjonen går til eventyret om Kvitebjørn kong Valemon og kampen mellom Eros og Psyke som forholdet mellom prinsessa og bjørnen tematiserer. Men assosiasjonane til isbjørnen som ein trua dyreart i tilknytning til dagens klimasituasjon med stigande temperaturar, melder seg også. I tillegg er isbjørnen ein av dei mest populære figurane i Porsgrund Porse-lænsfabriks sortiment. Isbjørnen er blitt eit symbol på norsk identitet. Med andre ord er det ei svært samansett fortelling som her opnar seg for oss. Fortalt gjennom ein figurtradisjon som Irene Nordli har evna å fornya og revitalisera.

Jorunn Veiteberg



Slagmark i porselen, detalj, 2007



Slagmark i porselen, detalj, 2007

Kort biografi

Irene Nordli er født i Oslo i 1967. Hun tok hovedfag i keramikk ved Kunsthøgskolen i Bergen i 1996. Etter dette har hun hatt mange separatutstillinger rundt om i landet. Nordli har deltatt på uttallige gruppe- og kollektivutstillinger i inn- og utland, og har videre stått for mange utsmykningsoppdrag rundt omkring i Norge.

For mer informasjon om Irene Nordli og hennes kunstneriske virke; se Nordlis eget nettsted: www.irenemagimix.net

Verksliste

- *You Can't Hold Back Spring, 2007*
7 porselenskulpturer plassert i en ring på gulv
- *Slagmark i Porselen, 2007*
6 porselenskulpturer hengende på vegg
- *Eggevegg, 2007*
50 porselensegg montert på vegg
- *Søstre, 2007*
4 skulpturer, 3 plassert på sokkel og 1 på hylle
- *Hengemenn, 2007*
4 hengende ned fra tak, porselen og tekstilskulptur

Kurator for utstilling og formidling: Helga Gravermoen

Prosjektleder: Stina Høgvist

Nettverksansvarlig og kontaktperson: Helga Gravermoen

helga.gravermoen@nasjonalmuseet.no

Turnékoordinator: Camilla Frøland Sramek

Foto: Dag Jenssen





Nasjonalmuseet
Postboks 7014 St. Olavs plass
NO-0130 Oslo

—
www.nasjonalmuseet.no

**NASJONALMUSEET
FOR KUNST, ARKITEKTUR
OG DESIGN**

—